

---

Vår referanse 2021/17970-2  
Dato 01.06.2021

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Bygging av landbruksveg gnr. 23, bnr. 3 Svindal - Alver kommune

Vi viser til brev datert 13.04.2021 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Svindal i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med omsøkte veg. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

### Hogst

Vi ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- Gnr - Bnr - kommune
- Kart over hogstområde og eventuelle planlagde driftsveggar, velteplassar, m.m.
- Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.
- Planlagt oppstartsdato
- Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

Sigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

